

Leirreglar:

På leir er det mange som bur i lag tett i tett. For at alle skal ha det kjekt må vi ha nokre reglar som alle må følgje.

1. Ver ein god kamerat og vis alltid omsyn til andre. På 4H-leir tar vi vare på kvarandre og respekterer andre sine grenser. Andre sine ting lar vi ligge i fred.
2. Leirbeviset skal berast synleg på deg gjennom heile leiren.
3. Det er ein sjølvsgatt ting at rusmiddel ikkje høyrer heime på 4H-arrangement. Aldersgrensa for bruk av snus og tobakk er 18 år, og kan kun nyttast når ein ikkje er saman med 4H-medlemmer. Snus og røyking er berre tillate på tilvist stad.
4. Gjer deg kjent med programmet for dagen og følg det. Ver presis ved alle måltid og arrangement.
5. Gå ikkje frå leiområdet utan løyve frå vaksenleiar.
6. Bading er berre tillate på tilviste plassar og i følgje med vaksenleiar.
7. Hald orden. La brannsløkkingsutstyr og anna leirutstyr få vere i fred. Kast boss på tilviste stadar.
8. Ver varsam ved bruk av open eld. I teltleiren er all bruk av open eld forbode.
9. Sei i frå om du kjenner deg sjuk eller vert skada. Gje beskjed om du ser at andre treng hjelp.
10. Når klokka er 23.00 (24.00 laurdag) skal det vere stilt i teltleiren.